



INTERNT NOTAT

Dato: 21.05.2012

Til:

Benjamin Stephen Hugo Hicks

Frå: Linda Folkestad

UTTALE VEDRØRANDE SØKNAD OM AVKJØRSLE FRÅ KOMMUNAL VEG, GBNR.137/728

Teknisk drift, VVA, syner til søknad om avkjørsle frå kommunal veg, Gbnr.137/728. Etter å ha vurdert forholda gir Teknisk drift, VVA, løyve til avkjørsle for 1 bustadeining på følgjande vilkår (standard krav):

- Avkjørsla skal opparbeidast slik at den tilfredsstiller dei tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg, vegnormal 017 og §§ 29-31 og §§ 40-43 i Veglova. Det vert blant anna stilt krav til utforming, sikt, svingradius, drenering og at ein kan snu på eigen grunn. Forskrift av 1964 er tilgjengeleg på www.lovdata.no
- Avkjørsla skal leggast mest muleg vinkelrett på communal veg. På dei to første metrane skal avkjørsla ha eit fall frå communal veg på 2,5% (5cm) før vegen stiger/faller.
- Under avkjørsla skal det leggast ned dreneringsrør med ei diameter på minimum 200mm. Dreneringsrør skal leggast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.
- Langs communal veg skal communal grøft oppretthaldast med ei bredde på minimum 0,75m (vegskulder + grøft). Ved planering av eigedom skal ein ta omsyn til communal grøft og sandfangkum.
- Svingradius i avkjørsla skal være slik at ein kan svinge til både høgre og venstre i kommunevegen. Svingradius er satt til minimum 3m.
- Det skal være uhindra sikt i eit område langs communal veg på kvar side av avkjørsla. Siktsone vert konstruert ved hjelp av ei sikttrekant frå eit punkt 4m inn i avkjørsla målt frå kant communal veg og minimum 30m til kvar retning (vert målt til midten av kjøreretning).
- Siktsone skal være fri for sikthindringar som hekk, buskvekstar, byggverk, fjell-knausar/skråninger og andre sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla. Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.

- Dersom avkjørsle er adkomst til garasje, forretning, driftsbygning eller regelmessig nyttast til bilkjøring (adkomst til bustad/hytte) skal det utanfor vegområdet innrettast snuplass på egen grunn slik at rygging inn/ut frå kommunal veg unngåast.

Det er §§ 29-31 og 40-43 i Vegloven, vegenormal 017, samt forskrift av 1964 om alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg som gjev lovheimel for at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve veglova og tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på dei vilkår som er nemnt ovanfor.

Vedtaket kan påklagast til kommunen jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skrifteleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Linda Folkestad
saksbehandlar teknisk drift

Sveinung A. Håkonsen